

Fra: Tore Johan Erstad
Sendt: onsdag 23. august 2023 15:18
Til: k-boertv@online.no
Kopi: hanstam@online.no
Emne: Svar på søknad om skadefelling av hjort - Børtevit-Burkeland Hjortevald -
Vedtak
Vedlegg: SØKNAD OM SKADEFELLING av hjort.docx

Hei, Kjellaug Børtevit

Eg viser til søknad om skadefelling av hjort mm., sjå vedlegg. Kommunen finn ikkje grunnlag for å gje løyve til skadefelling av hjort i dette høvet. Grunngjevinga er at vi er tett opptil jaktstart. Og vidare at kommunen vil ha mogelegheit til å vurdere resultata frå årets jaktsesong før det vert gitt fleire løyve. Talet på løyve er auka mykje i kommunen dei siste to åra som følgje av endring av krav til minsteareal.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av kommunelova § 5-3 og delegert mynde, jf. Osterøy kommune sitt delegasjonsreglement.

Det vert gjort merksam på at dette er eit vedtak gjort av kommunen som kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forvaltningslova § 28. Klagefrist er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova § 29. Klagen skal stilast til Statsforvaltaren Vestland, men sendast til Osterøy kommune. Klagen må grunngjenvæst. Part har høve til dokumentinnsyn, jf. forvaltningslova §§ 18-19.

Beste helsing

Tore Johan Erstad

Leiar, Teknisk forvaltning og plan



OSTERØY
KOMMUNE



40 28 65 56



osteroy.kommune.no

*Eg gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse;
All korrespondanse vert vurdert for journalføring.*